

## ETNE KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag **23. november 2015** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik. Han ønskte velkommen til fyrste møte i denne valperioden.

<b>MØTESTAD:</b>	Etne Tinghus, formannskapssalen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 13.00 – kl. 15.10
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Ståle Tungesvik (Sp), Arild Stenberg (H)
<b>FORFALL:</b>	Ragni S. Fett (V), Åse Langhelle (Frp), Sigve Sæle (Sp) og 3. vara Ivan Kaldheim (kort varsel)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	1.vara Pål S. Rullestad (Ap) og 2. vara Nina V. Vee (Sp)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN:</b>	Revisor Willy Hauge – KPMG AS. Han forlèt møtet etter handsaming av sak 22/15
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Siri Klokke, konstituert rådmann Hilde Aartun Haraldseide og rådgjevar økonomi Per Rune Kolås. Dei forlèt møtet etter handsaming av sak 22/15
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 17/15 KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:**

Utvallssekretær gjorde greie for utvalet sitt ansvar og oppgåver. To av medlemmene hadde deltatt, og fått mykje informasjon på informasjonsmøtet i Akksdal. Medlemmene stilte spørsmål undervegs.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:**

*Etne kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.*

## **SAK 18/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.09.15**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 21.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

### **Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:**

Leiar orienterte. Protokollen blei godkjent utan merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 21.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 19/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.11.15**

27. K-styrevedtak 28.10.15, sak 79/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
28. K-styrevedtak 28.10.15, sak 93/15 – Revisjonsrapport – Styring av investeringar
29. Teieplikterklæring for kontrollutvalsmedlemmene
30. Reglement for Etne kontrollutval – eige hefte
31. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
32. Invitasjon til informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
33. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
34. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016
35. Invitasjon frå KPMG AS– Kurs for nye kontrollutval
36. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM
37. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS

### **Handsaming i kontrollutvalet 23.09.15:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Teieplikterklæringa blei undertekna på slutten av møtet.

Informasjonsmøtet i Aksdal hadde vore lærerikt. Åse Langhelle, Arild Stenberg og Ståle Tungesvik ønskte å delta på haustkonferansen i Sandnes. Tungesvik skulle sjekke opp og gje tilbakemelding om Ragni S. Fett ønskte å delta.

Utvalet vedtok at inntil 2 medlemmer kan reise på NKRF sin konferanse i februar. Arild Stenberg var interessert. Sekretariatet ordnar med påmelding for han og evt. ein annan som ønskjer å reise.

Utvalet vedtok å takke ja til kurstilbodet frå KPMG og ønskte at det blir arrangert i samanheng med neste møte, den 8. februar 2016.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.09.15:**

*Referatsakene 27 - 37 vert tatt til orientering.*

*Etne kontrollutval vedtar å sende inntil 4 deltakarar på Haustkonferansen i Sandnes 10.12.15. Sekretariatet melder på Åse Langhelle, Arild Stenberg og Ståle Tungesvik og evt. Ragni S. Fett.*

*Utvalet vedtar at inntil 2 medlemmer kan reise på NKRF sin konferanse på Gardermoen i februar.*

## **SAK 20/15 STATUSOVERSIKT OVER UTVALETS PROSJEKT**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:**

Sekretær gjorde greie for oversikten. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:**

*Etne kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.*

## **SAK 21/15 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2015**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering

### **Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:**

Revisor gjorde greie for planen, samstundes som den vart vist på skjerm. Han orienterte om revisjonen sitt arbeid så langt i år. Vidare orienterte han om særskilte forhold innan kommunal sektor, risikofaktorar, kva som vil bli vektlagt i år og om ulike risikovurderingar. Revisor svara på spørsmål, om mellom anna momskompensasjon for Skakkesenteret.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:**

*Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering*

## **SAK 22/15 ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:**

Konst. rådmann gjorde greie for hovudinnhaldet i budsjettframlegget 2016 og økonomiplanen. Budsjettet var stramt og prega av innsparringar. Ho orienterte om dei økonomiske forutsetningane, inntekter, ulike satsingsområder, investeringar og utviklinga av lånegjeld. Administrasjonen må tilpasse kommunen sin aktivitet i tråd med denne utviklinga. Formannskapet hadde gjort sitt budsjettvedtak og administrasjonen måtte innarbeide dette. Utvalet hadde spørsmål om mellom anna skulebudsjettet og interkommunalt samarbeid.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:**

*Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.*

## SAK 23/15 UTARBEIDING AV NYE PLANAR FOR FORVALTINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 – BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSAR OG PLAN

### Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval bestiller oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse og Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2020 for Etne kommune innanfor ein ramme på xx timar frå xx.

### Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:

Leiar og sekretær orienterte. Utvalet drøfta tilboda frå Deloitte AS og KPMG AS. Medlemmene meinte det var vanskeleg å velje mellom desse, men blei samde om at Deloitte skulle få oppdraget utifrå ei totalvurdering og at det var dei som skulle bruka planen.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:

*Etne kontrollutval bestiller oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2020 og Plan for selskapskontroll 2016-2020 for Etne kommune frå Deloitte AS, i samsvar med tilbodet av 16.11.2015.*

## SAK 24/15 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2016

### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2016:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Måndag 8. februar	Kl. 13.00	
Måndag 9. mai	Kl. 13.00	
Måndag 19. september	Kl. 13.00	
Måndag 21. november	Kl. 13.00	

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

### Handsaming i kontrollutvalet 23.11.15:

Leiar orienterte. Utvalet hadde ingen merknader til møteplanen.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.11.15:

*Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2016:*

*Måndagane 8. februar / 9. mai / 19. september / 21. november – kl. 13.00*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*


## EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: måndag 08.02.16, kl. 13.00**

Etne/Aksdal, 23. november 2015

Ståle Tungesvik  
Kontrollutvalsleiar

  
Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær